

Årsplan 2011/12


espira
RUBBESTADNESET



Sol ute
Sol inne



Innhold

DEL 1 – GENERELL DEL

Velkommen til Espira	side	2
Pedagogisk plattform		2
LekEspira, vår pedagogiske modell		3
Visjon og verdier		6

DEL 2 – LOKAL DEL

Barnehagen vår	side	7
Personalet		7
Kort om barnehageåret 2011/2012		8
Samarbeidspartnarar		8
Språklabben		9
Tumleplassen		9
Skattekista		10
Miljøspira		10
Filosofus		11
Samfunnspira		11
Tallbingen		12
Skulespira		12
Foreldresamarbeid		13
Årshjul		14

Sol ute
Sol inne



Del 1-Generell del

Barnehagen sin årsplan skal gje informasjon om korleis barnehagane formidlar omsorg og kunnskap til barna. Årsplanen er ei konkretisering av Lov om Barnehagar og Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. I tillegg til den generelle delen som er felles for alle Espira barnehagane, har kvar barnehage ein del som beskriv barnehagen sitt pedagogiske arbeid, mål, satsingsområde og eigenart i tillegg til å gje viktig informasjon til foreldre og andre samarbeidspartnarar.

VELKOMMEN TIL ESPIRA

Vårt ynskje er å gje barna ein fantastisk start på livet! Barnehagane skal i nært samarbeid med heimane gje barna ein trygg kvardag prega av meistring, lek og glede. Dette krev profesjonell satsing, høg kompetanse og god dokumentasjon. Espira har utvikla rutinar, standardar og verkty som oppfyller myndigheitene sine krav og foreldra sine krav til godt innhald. For å sikre at me er på rett veg har me omfattande brukarundersøkingar og gode rutinar på evaluering av arbeidet vårt.

Espira driv barnehagar i Akershus, Aust Agder, Buskerud, Hedmark, Hordaland, Oppland, Rogaland, Vest Agder, Vestfold og Østfold.

PEDAGOGISK PLATTFORM

Me ser på barndomen som ein viktig fase i mennesket sitt livsløp. Småbarnsalderen er ikkje berre ein periode som handlar om å tilegne seg best mogeleg kunnskap og ferdigheiter for å kunne ta del i dei vaksne sitt samfunn så raskt som mogeleg, men ein fase med stor verdi i seg sjølv.

Barnehagane sitt pedagogiske innhald byggjer på at barn lærer i samhandling med andre. Leiken står sentralt og er ein viktig arena for læring og sosial utvikling. Leiken har stor eigenverdi og skal kjenneteiknast av glede og valfridom. I rolleleiken får barna bruke sine erfaringar og kunnskap, samstundes som dei får prøvd ut eiga forståing saman med andre barn. Kompetente vaksne skal gjennom aktiv deltaking og observasjon bidra til god lek og aktivitet for barna.

Espira barnehagane skal arbeide tverrfagleg med skaperglede, identitet og bevegelse. Ved å oppmuntre barna si naturlege interesse og deira indre motivasjon til å utforske og skape, skal deira evne til å sjå mogelegheiter framfor avgrensingar takast vare på. Barna si **skaperglede** skal verdsettast og synleggjerast i barnehagekvardagen.

Gode dannelsingsprosessar skal bidra til å utvikle barna si sjølvstende, tryggleik og eigen **identitet**. Gjennom lek og sosialt samspel med andre lærer barn seg sjølv å kjenne. Barnehagen skal styrkje barna si sjølvkjensle gjennom meistringsopplevingar og anerkjening.

I samband med lek og andre aktivitetar er barn i stadig **bevegelse**. Slik lærer dei å meistre små ting og får oppleve glada ved å nå nye høgder både fysisk og mentalt. Barnehagetida er byrjinga på ein læringsprosess som varer heile livet og som skal gje barna lyst til å prøve og lyst til å skape.




Sol ute
sol inne




LEKESPIRA – VÅR PEDAGOGISKE MODELL

Rammeplanen sine 7 fagområde vert hos oss konkretisert gjennom LekEspira.

LekEspira er et pedagogisk verktøy som er utvikla for å synliggjera arbeidet med fagområda i Rammeplanen. Ved hjelp av "spirer" som illustrerer kvart einiskild fagområde prøver me å gjere dette arbeidet meir levande, både for barn, foreldre og personalet.



Sol ute
Sol inne



Språk, kommunikasjon & tekst

Språk er nøkkelen til kommunikasjon og forståing mellom menneske og er langt meir enn berre tale. Me kan og kommunisere ved hjelp av t.d. teiknspråk og skriftspråk. Det er og mogeleg å kommunisere utan å bruke ord.

Spedbarnsforskning viser at babyar føretrekkjer mor sin stemme frå fyrste stund og at dei ikkje bare oppfattar ord som lydar, men at dei og er i stand til å forstå kva dei tyder. Dette fortel oss kor viktig språket er for kommunikasjonen mellom menneske og at språk og handlar om følelsar.

Gjennom Språklabben får barna høve til å gjere seg kjende med språk og tekst som kommunikasjonsform. Med leiken som plattform får dei utforske mange måtar å nærme seg dette temaet på. Gjennom planlagde og ikkje planlagde situasjonar vert barna kjende med mogelegheitene som ligg i å bruke språket i forskjellige former. Språket er ein viktig del av barn si identitet. Korleis du uttrykkjer deg handlar om kven du er og om korleis du ynskjer å verte oppfatta. Barna får her erfaringar med betydinga og viktigheita av å kunne kommunisere med omgjevnadene på ein god måte.



Kropp, bevegelse & helse

Barn er skapte til å bevege seg, til å gå, springe og hoppe. Dei lærer medan dei beveger seg, og utvikling av motoriske ferdigheiter er heilt grunnleggjande for å kunne utføre dagligdagse handlingar. Tumbleplassen skal være ein meistringsarena for begge kjønn. Her lærer dei å meistre nye utfordringar og opplever at dei lukkast dersom dei prøver, anstrengjer og øver seg.

Det er viktig at barn får anledning til å bruke kroppen aktivt, slik at dei lærer å meistre og kontrollere han. Det er desse erfaringane som skal gjere dei i stand til å takle forskjellige situasjonar på ein god måte seinare i livet. M.a. veit me at det krev god kroppskontroll for å klare å sitte roleg, noko som kjem godt med når barna skal byrje på skulen.

Like viktig er det at barna så tidlig som mogeleg vert bevisste på verdien av å ta vare på eiga helse og at dei får oppleve gleda og betydinga av å kunne meistre dei forskjellige elementa dei kjem i kontakt med.



Kunst, kultur & kreativitet

Menneska har eit medfødt behov for å uttrykkje seg og har eit stort register når det gjeld måtar å uttrykkje seg på. Det handlar om å arbeide med inntrykk og bruke desse til å skape sine egne avtrykk på den verden ein ser rundt seg. Gjennom Skattekista skal barna oppleve at dei vert stimulerte til å gjere akkurat det. Det handlar om fridom og om å få lov å uttrykkje seg på forskjellige måtar, i forskjellige format, og ikkje minst om å få attendemeldingar frå omgjevnadane.

Barn lar seg ikkje avgrense av tradisjonell tenking. Dei grip moglegheitene som byr seg og handlar ut i frå dette. Gjennom Skattekista får barna høve til å prøve seg på uttrykk som er tilpassa deira føresetnader og utviklingsnivå. Gjennom drama, musikk og forming skal barna få mogelegheit til å utforske og utfordre sine kreative evner.

Skattekista skal være ein arena der barn si kreativitet har gode vilkår og føresetnader for å blomstre.

Sol ute
Sol inne



Miljøspira skal lære barna å bli glade i naturen. Tidlige erfaringar med turar i skog og mark kan ha stor betydning for barna si vidare utvikling og deira haldningar til det å ta vare på naturen.

Ved å ta i bruk naturen som ein del av det daglege tilbodet i barnehagen, gjev me barna opplevingar og inntrykk som bidrar til at dei vert glade i å ferdas ute i all slags ver. Det å oppleve endringane i veret direkte på kroppen og få mogelegheit til å undre seg over små og store fenomen der kor dei er, gjev barna erfaringar og inntrykk som varer lenge.

Gjennom Miljøspira får barna delta i aktivitetar som gir dei mogelegheit til å prøve seg ut med forskjellige typar reiskap og verkty. Barna får og høve til å utvikle interesse og forståing for viktigeita av å ta vare på miljøet. Ved å delta i barnehagen sine daglege rutinar rundt t.d. kjeldesortering får barna verdifull kunnskap om avfallshandtering og gjenbruk.



Dei fleste barn er nyfikne av natur. Dei undrar seg og spør om ting som me vaksne ikkje alltid veit svaret på. Gjennom Filosofus får barna utforske potensialet som ligg i å ikkje vita.

Evna til å undre seg er medfødt, men evna må utviklast og haldast ved like. Filosofi med barn handlar om å undre seg saman og om å gje tid og rom til barna sine tankar. Målet er ikkje nødvendigvis å finne svar på alle spørsmål, men kan like gjerne vere å finne nye spørsmål.


Gjennom Filosofus vert barna og kjende med historier og forteljingar som omhandlar toleranse og respekt. Me ynskjer at barna skal utvikle forståing for at menneske kan ha forskjellig bakgrunn og tru.



Gjennom Samfunnspira skal me bidra til at barna vert trygge på seg sjølv som einskild individ og som deltakarar i større grupper. Dei skal oppleve at deira syn blir høyrte og respektert og at deira bidrag tel. Barn er viktige samfunnsborgarar og deira meiningar og synspunkt fortener å verte høyrde.

Gjennom Samfunnspira skal barna få ei byrjande forståing for det som har med menneskeverd og likestilling å gjere. Dei skal oppleve at synspunkta deira er like mykje verd, uansett om du er gut eller jente.

Ved å oppleve og erfare små og store hendingar i nærmiljøet får barna utvikle positive haldningar til det å påverke sine omgjevnader. Me ynskjer og at barna skal verte kjende med omsorg i eit større perspektiv. Derfor samarbeider Espira med SOS-barnebyer for å gje barn i andre land en betre barndom og ein tryggare oppvekst.



Små barn likar å utforske omgjevnadene. Dei byrjer tidleg å vise interesse for å bruke forskjellige gjenstandar i leiken. Gjennom erfaringane dei får, utviklar dei forståing for korleis ting heng saman og fungerer.

Mange barn viser tidleg interesse for å setje ting i system, i rekkjefølgje og i mønster. Desse aktivitetane danner grunnlaget for barna si matematiske forståing.

Det å ha forståing for rom og form er avgjerande for korleis barna stiller seg til omgjevnadane. Gjennom Tallbingen får barna høve til å leike med tall og granske verda frå eit matematisk og forskande perspektiv.

Sol ute
Sol inne



VISJON OG VERDIAR

Vår visjon;

Sol ute, Sol inne

Visjonen fortel klart og tydeleg korleis barna skal ha det og kva me vaksne skal gjere. Om barna er ute eller inne, om dei gret eller ler, så skal dei være i trygge omgjevnader og saman med vaksne som bry seg om dei og tek vare på dei.

Kompetent - Fleksibel - Ordentlig - Personleg

Espira sine fire kjerneverdier skal liggje til grunn for alt me gjer og kome til uttrykk gjennom barnehagen sine planar og praksis.





Del 2-Lokal del

BARNEHAGEN VÅR

Barnehagen vår ligg på Rubbestadneset i Bømlo kommune. Den har tradisjon heilt tilbake til 1976. Barnehagen i dei noverande lokala opna i 2002. Fram til 31.12.2007 var barnehagen eigd og driven av foreldra, (andelslag). Espira Gruppen tok over drifta av barnehagen frå 01.01.2008 og driv 70 barnehagar med ca. 6500 barn og over 2000 ansatte. Les meir på <http://www.espira.no>
Me har 4 avdelingar, samt ei utegruppe. Det er plass til totalt ca. 90 barn i alderen 0-6 år.



Fakta

- Opningstid 06.30-16.45
- Ope 12 mnd. i året
- Opphaldstid 20-100%
- Ligg i Sollia med Rubbhallen som næraste nabo
- Stort uteområde med naturtomt
- Akebakke
- Lavvo og grillhytta
- Førskulegruppa
- Fullkost

PERSONALET

Styrer: Helga Kallevik

Såpeboblene

Frøydis Sørenes
Astrid Ersland Sandvik
Turid Eidesvik
Torhild Hidle
Tone Vold

Stilling

Ped.leiar
Førskulelærar
Fagarbeidar
Ped.medarbeider
Fagarbeidar (vikar)

Sommarfuglane

Ida Sjøvangen Steinsland
Gunlaug Ystheim
Ingunn Kvernene
Lene Urang

Stilling

Ped.leiar
Fagarbeidar
Ped.medarbeider
Ped.medarbeider (vikar)

Mumitrolla

Lillian Vespestad
Judy Gjøsæter
Anne Åshild Fylkesnes
Torgny Ersland
Heidi Kristiansen

Stilling

Ped.leiar
Førskulelærar
Fagarbeidar
Ped.medarbeider
Ped.medarbeider

Gullsteinane

Britt Kristin Mæland
Lene Wiik
Linn Iren S. Hidle
Anna Helene Andreassen
Jessica Thørnberg

Ped.leiar
Fagarbeidar
Fagarbeidar
Fagarbeidar
Fagarbeidar (vikar)

Utegruppa

Ingunn W. Anglevik
Tine Habbestad
Helen Røksund
Lene Urang
Jessica Thørnberg
Ingunn Kvernene

Stilling

Førskolelærar (vikar)
Fagarbeidar
Ped.medarbeider
Ped.medarbeider (vikar)
Fagarbeidar (vikar)
Ped.medarbeider



KORT OM BARNEHAGEÅRET 2011/2012

Me vil dette året halda fram med dei same satsingsområda som våren 2011.

1. **"Språklabben"** er framleis sterkt i fokus. Det same gjeld **"Tumleplassen"**.

Språk inngår også som ein naturleg del av alle dei andre fagområda.

2. Tema yrke

Me vil vidareføra arbeidet med fokus på tema "yrke". Det er då først og fremst yrke i nærmiljø, eller yrke knytt til barna sine foreldre. Temaet går naturleg inn i arbeidet med alle fagområda våre. Gjennom Språklabben samtalar me om, og lærer nye omgrep knytt til yrke. Me filosoferar rundt tema som td. kva barna skal bli når dei blir store. Me brukar kroppen og bevegar oss til arbeidsplassar i nærmiljø, (Tumleplassen og Samfunnsspira). Miljøspira får me td. med oss når me fokuserar på dei som arbeidar på miljøstasjon/sjåføren på bossbilen.

Me har også ein del bedrifter i nærmiljø som produserar teknologisk utstyr mm. Her kan me trekkja inn Tallbingen og Miljøspira, (teknikk/mekanikk).

3. Barn med særskilte behov

Mål:

- Gje barn med særskilt behov hjelp og støtte til best mogleg utvikling.
- Ha fokus på barnet sine interesseområde og sterke sider.

Personalet i barnehagen har ansvar for at alle barn, uansett funksjonsnivå, alder, kjønn og familiebakgrunn får oppleve at dei sjølve og alle i gruppa er betydningsfulle personar for fellesskapet.

Barn med nedsett funksjonsevne er fyrst og fremst eit barn og eit heilt menneske. Dei har rett til ein barndom prega av dei same verdiane som andre barn får. Målet er ikkje likskap, men variasjon og respekt for ulikheiter.

Satsinga i Bømlo kommune i høve til Kvello-modellen vil halda fram. Det vil difor også barnehageåret 2011-2012 verta lagt opp til kursing av personalet og observasjonar. Dette heng saman med at Bømlo kommune er med i "Modellkommune- forsøket". Målet er mellom anna å oppdaga og hjelpe barn som er i risikosona på eit tidlegast mogleg tidspunkt. Eit anna mål er at alle instansar som arbeidar med barn gjennom dette opplegget skal få auka sin kompetanse, samt få ei felles forståing av barn si utvikling og dermed også få eit betre samarbeid.

SAMARBEIDSPARTNARAR

Barnehagen samarbeidar med Bømlo kommune, PPT, barnevern, helsestasjon, fysio / ergo terapeut.

Ressursteam:

Me har samarbeidsmøte med tilsette på PPT, helsestasjon og barnevern ca. 3-4 gongar i året. Her får personalet råd og vegleiing.

Sol ute
Sol inne



SPRÅKLABBen

Mål :

Alle barn skal:

- Få utfalda seg i leik saman med andre barn.
- Meistra turtaking.
- Visa interesse for bøker, song, rim, rytme og regler.
- Oppleva å bli lytta til, og sjølve læra seg å lytta.
- Møta vaksne med tydeleg og variert språk.
- Ut frå alder og modning oppleva stimulering og meistring i høve til språket sitt.
- Utvikla best mogleg ordforråd og språkforståing.
- Visa interesse for språkleikar.
- Få trening i å ta imot og utføra beskjedar.

Tiltak:

- Aktivitetar som inneheld turtaking.
- Sansemotoriske aktivitetar som ein del av kvardagen.
- BokTras. (Samarbeid med biblioteket)
- Lesa for alle barn jamleg.
- Song, rim, rytme, lytteøvingar.
- Fokus på kommunikasjon/samtale under alle aktivitetar / situasjonar, både inne og ute.
- Laga forteljingar, fantasera, gjenfortelja.
- Omgrepstrening for å auka ordforråd og språkforståing.
- Munnmotorisk trening.
- Språkgrupper med fokus på behova på den einskilde avdeling.
- "Språkkasse".
- Trena på å ta imot og utføra enkle beskjedar.

TUMLEPLASSEN

Mål:

Barna skal:

- Møta vaksne som har eit tydeleg og variert kroppsspråk.
- Møta eit godt tilrettelagt fysisk miljø, både ute og inne.
- Få nødvendig trening i kryping /koordinering av diagonalgang.

Tiltak:

Småbarn

- Songar, rim og regler som kombinerar lyd, rytme og bevegelsar (inkl. heile kroppen)
- Aktivitetar som td. kryping, klatring, balansering og hopping.
- Sanser –opplevingar: Ta på, sjå ,lukte, smake.
- Leik med fokus på munnmotorikk.
- Sporadisk besøk/leik i Rubbhallen.
- Det kupert uteområdet på sørsida er vår viktigaste arena ute.

2-4 år i tillegg:

- Turar.
- Opplegg i Rubbhallen.

5-6 år i tillegg:

- Inkludera og gi oppgåver i "ordentleg arbeid". (Fysiske vaksenoppgåver).
- Lengre turar. Klatra i trær.
- Prosjekt om "Eg kan". Visa for kvarandre, øve på nye ting.

I våre dagar, når stadig fleire små barn under 1 år byrjar i barnehagen er Tumleplassen det viktigaste fagområdet, som på særleg vis samlar i seg alle dei andre områda. Kroppen og sanseapparatet er det fantastiske instrumentet små barn brukar for å gjera seg forstått, for å utforska verda og for å kommunisera med andre. Før språket dannar tydelege referanserammer for minnet er det på same måten gjennom kroppen og ved bevegelsar ein kan gjenkalla felles opplevingar. God og variert bruk av heile kroppen er grunnlaget for identitetsbygging , sjølvkjensle og sjølvhevdning.

Sol ute
Sol inne



SKATTEKISTA

Mål:

Barna skal:

- Oppleva skaparglede
- Få erfaring med kunst, kultur og estetikk
- Få stimulering til å utvikla fantasien og kreativiteten sin.

Tiltak:

- Få erfaring med ulike materialar; som td. maling, teikning, perler, modellkitt, gips.
- Bruka resirkulert materialar og naturmaterialar i formingsaktivitetar.
- Dramatisering av eventyr etter barna sin alder og modning.
- Delta i naturlege kulturelle hendingar i nærmiljø, td. barnehagegudstenester, teaterframsyningar, kunstutstillingar.
- Nytt song og musikk i kvardagen.
- Visa kunst/bilete, fortelja historier, lesa bøker o.l.

MILJØSPIRA

Mål:

Barna skal:

- Få gode naturopplevingar.
- Få kunnskap om miljøvern, og få ei gryande forståing for samanhengen mellom naturen og miljøarbeidet (miljøfyrtårn).

Tiltak:

Småbarn:

- Gå tur i skogen inne på barnehagen sitt området.
- Fylgja variasjonen i årstidene våre.
- Leita etter småkryp og anna i skogen.
- Gjenbruk av materialar td. i formingsaktivitetar.
- Læra å ta vare på leikene/tinga våre.

2-4 år i tillegg:

- Gå på turar utanfor barnehagen.
- Fordjupa seg innan eit tema (td. fugl, insekt)
- Så frø; sjå utvikling.
- Grava ned boss og sjå kva som skjer over tid.

5-6 år i tillegg:

- Tur rundt Stangarvågen
- Fysikk eksperiment innan td. vatn, luft.
- Resirkulering, glas vert til nytt glas, osb.



Sol ute
Sol inne



FILOSOFUS

Mål:

Barna skal:

- Tileigna seg sosial kompetanse og sjå samanhangen mellom eigne handlingar og konsekvensar.
- Opplera eigenverdi og tilhøyra ei barnegruppe.
- Få høyra forteljingar og samtale om dei kristne høgtidene.
- Inkludera barn med andre religionar og vise toleranse for ulike livssyn.
- Møta vaksne som undrar seg saman med barna, er opne og lyttande, bekreftande på barna sine initiativ og samtalar.

Tiltak:

Småbarn:

- Bekrefta barna sine kjensler og vera aktivt til stades i opplevingane deira.
- Korrigera og forklara barns handlingar over for andre barn.

2-4 år i tillegg:

- Undra oss og samtala/reflektera over tema barna er opptatt av "her og no".
- Samlingar om sosial kompetanse, gjera barna ansvarlege for eigne handlingar.
- Fortelja om kristne høgtider og gi rom for undring rundt tema om himmel, Gud og Jesusbarnet.

4-6 år i tillegg:

- Snakka om kjensler rundt endring i sosiale miljø i høve til skulestart.
- Byggja sjølvbilde gjennom meistring og bevisstgjerjing.
- Fortelja om dei kristne høgtidene og reflektera over livet.

SAMFUNNSPIRA

Mål:

Barna skal:

- Få kjennskap til familien og ulike livssituasjonar.
- Bli kjent med nærmiljøet sitt, særleg fokus på yrke.
- Få gryande innsikt i kva det vil seia å delta i eit demokratisk samfunn.
- Få moglegheit for medverknad i eigen kvardag, ut frå alder og modning.
- Erfara at alle er like verdfulle og viktige for fellesskapet.
- Få kjennskap til samefolket og deira kultur.
- Få gryande innsikt i korleis barn i andre land lever.
- Opplera glede over å kunna hjelpa barn som ikkje har det like godt som oss.
- Kunna visa omsorg for andre.

Tiltak:

Småbarn:

- Fokus på den nære familien, mamma og pappa, "mi bok".
- Besøk i barnehagen av ulike yrkesgrupper.
- Tema om barn i andre land.
- Open dag, samlar inn pengar til eit prosjekt.

2-4 år i tillegg:

- Utvida fokus til barnet sin storfamilie.
- Barnesamtale.
- Turar i nærmiljø, ma. til ulike arbeidsplassar. Ta bilete.

5-6 år i tillegg:

- Barnemøte.
- Skuleførebuing. Sjå skulespira.
- Sjå elles tiltak under dei andre fagområda. Spesielt Språklabben.

Sol ute
Sol inne



TALLBINGEN

Mål:

Barna skal:

Småbarn:

- Få erfaring med rom.
- Bli kjent med former og storleikar.

2-4 år i tillegg:

- Oppleva glede over å utforska og leika med tal og former.
- Erfara plassering og orientering, for å utvikla sine evne til lokalisering.

4-6 år i tillegg:

- Tileigna seg matematiske omgrep.
- Erfara ulike storleikar, former og mål gjennom å sortera og samanlikna.

Tiltak:

- Leika borte – fittei leiker.
- Puttekasse med ulike former.
- Puslespel.
- Ulike pedagogiske spel, med og utan terning.
- Konstruksjonsleik med bruk av ulike klossar, former og materialar.
- Telja i samlingar og andre aktivitetar der det er naturleg.
- Bruka oppskriftar i matlaging.
- Snekring, både frå eigen fantasi og følgje eit ferdig produkt ein skal laga likast mogeleg.
- Sortering av fargar og fasongar på ulike klossar.

SKULESPIRA

Me har førskulegruppa, 1 dag i veka. Her inngår alle "Spirene" med ekstra fokus på "Språklabben" og "Tallbingen".

Mål:


Arbeida for at barna skal:

- Utvikla eit positivt sjølvbilete.
- Visa respekt for kvarandre.
- Meistra rolleleik saman med barn på same alder.
- Få ei positiv haldning til skule og det å læra.
- Få interesse for rim og reglar, song og rørsle, tekstskaping, høgtlesing.
- Få interesse for matematiske omgrep.
- Få øving i å lytta, snakka etter tur og vera konsentrert over tid.
- Kunna ta imot og utføra beskjedar.
- Kunna halde merksemda mot ein aktivitet utan å forstyrra.
- Bli kjent med uttrykk som klasse, klasserom, friminutt, lekser

Tiltak:

- Arbeid med Sosial kompetanse.
- Leggja til rette for eit godt leikemiljø og fellesskap mellom førskulebarna.
- Enkle oppgåver som omhandlar både bokstavar, tal og logisk tenking.
- Språksprell, abc-bøkene, ulike spel, rim, regler, bøker, høgtlesing.
- Førskulebok (Arbeidsbok).
- Sjå elles "Språklabben" og "Tallbingen".
- Bruka bøker og ha lyttetrening, gjenforteljing, fabulering...
- Ha fokus på å rekkja opp handa og venta på tur når ein vil snakka.
- Besøkja skulen og t.d. sjå korleis eit klasserom ser ut, og kva dei ulike uttrykka er for noko.
- Ta bilete til bruk i samtale.

Bømlo kommune har i tillegg utarbeida ein eigen samarbeidsplan med tidsskjema og rutinar i høve til overgang barnehage skule.



Sol ute
Sol inne



FORELDRESAMARBEID

Foreldra er barnehagen sin næraste og viktigaste samarbeidspartnar. Foreldra er viktigaste omsorgsgjevar, forankringspunkt, rettleiar og modell for sine barn. Personalet skal anerkjenne og bekrefte foreldra, støtta og rettleia. Alle som jobbar i barnehagen har underskrive teieplikt.

Mål for samarbeidet med heimen:

- Sikra barn og foreldre ei gjennomtenkt og behovsbasert oppfylging når barnet startar i barnehagen
- Felles ansvar for at barnehagen fungerer godt både for barn og vaksne.
- Gi foreldra høve til medverknad i årsplanlegging og vurderingsarbeid.

Tiltak /Samarbeidsformer:

- Dagleg kontakt: Samtalar i hente- og bringe-situasjonen byggjer opp tryggleik og tillit mellom personalet og foreldre/føresette.
- Gjensidig informasjonsutveksling.
- Periodeplan: Oversyn over det som skjer i løpet av ein periode, samt tilbakemelding / vurdering av førre periode.
- Foreldremedverknad:
- Foreldrekaffi / frukost
- Foreldresamtalar: Samtale haust og vår, (oftare ved behov)
- Samtale ved overgang frå småbarn til stor avd.
- Foreldremøte. Foreldrerådsmøte.
- Brukarundersøking.
- Samarbeidsutvalsmøte.

Foreldrerådet og samarbeidsutvalet:

Skal vera med å sikra eit godt samarbeid mellom heim og barnehage.

Samarbeidsutvalet:

Ma .fastsetja barnehagen sin årsplan og vera delaktig i evalueringsarbeidet. Ta kontakt med foreldrerepresentantane om det er saker de ynskjer å ta opp. Foreldrerepresentantar i samarbeidsutvalet er: Stina Raknes og Silje Eiken.

Observasjon, dokumentasjon og vurdering:

Dette er ein viktig del av planleggingsprosessen i barnehagen. Både foreldre og personale skal vera merksame på korleis barna mottak og reagerer på innhaldet og aktivitetane i barnehagen. Det er også viktig å leggja merke til samspelet mellom barna i lek og aktivitet.

Mål:

Dokumentasjon:

- Synleggjere innhaldet i barnehagen.
- Gi grunnlag for refleksjon og drøffingar av arbeid og innhald i barnehagen.

Vurdering:

- Utvikla barnehagen vidare.
- Sikra oss at me føl oppsette mål.
- Sikra oss at måla verkar til beste for barna.

Tiltak:

- Ta bilete av barna i aktivitetar.
- Gi tilbakemelding på temaarbeid mm saman med ny periodeplan.
- Foreldresamtalar.
- Nytt praksisforteljingar.
- Årleg brukarundersøking.
- Drøffingar på avd. møte, personalmøte og planl. dagar.
- Drøffingar på su.-og foreldremøte.
- Nytt resultat av desse drøffingane i vidare planlegging.

Sol ute
Sol inne



ÅRSJUL





ESPIRA RUBBESTADNESET

Sollia 30 * 5420 Rubbestadneset
Telefon 40 64 97 62
Email styrer@rubbestadneset.espira.no
www.rubbestadneset.espira.no